



Møtebok

Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Møtestad: Teams
Dato og tid: 23.06.2022, kl. 14.00-15.00
Møtegodtgjering: 1. time
Førebuingstid: 2 timar

Kommune	Medlem	Møtt	Varamedlem	Møtt
Bygland	Kai Larsen		Tone Simonstad Knutsen	
Bykle	Rolf Arne Haugen	X	Ragnhild Bjåen	
Sandnes	Laila Espedal	Meldt forfall	Bjørn Bråtveit	X
Fyresdal	Kristin Libjå		Anders Bergsland	
Gjesdal	Torbjørn Fjermestad	X	Berit Rosså Eie	
Hjelmeland	Lill Synnøve Laugaland	X	Ståle Halsne	
Hægebostad	Janne Nøklund Haddeland	Meldt forfall	Audun Rossevatn	X
Kvinesdal	Bjørn Morris Egenes	X*	Caroline Høyland	
Kviteseid	Halvor Nyland		Magnhild Ek Brynildsen	
Nissedal	Gunhild Eikhom		Geir Christian Enger	X
Ullensvang	Kjetil Småbrekke		Vibeke Lynghammer	
Sirdal	Stein Ivar Sinnes		Siv Tone Åsemoen Bjunes	
Suldal	Iren Klungtveit Slagstad	X*	Magne Langeland	
Tokke	Anette Surtevu	X	Torstein Brokka Kveven	
Valle	Knut Hagen	X	Margit Dale	
Vinje	Bertin Bjåen		Anne Råmunddal	
Åmli	Geir Håland Moe	Meldt forfall	Liv Mona Førland	Meldt forfall
Åseral	Marianne Uleberg	X	Jan Arild Bjørndal	
Andre				
Sekretær	Jarle Lunde	X		

* Møtetidspunkt blei flytta. Dette blei ikkje motteke av alle og to representantar møtte til feil tidspunkt. Desse var då ikkje med i møte, men har krav på møtegodtgjersle.



Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 /404 18 967
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no
Nettside: www.villrein.no/setesdal-nemnd/
www.suldal.kommune.no



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 18/2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

	Møtedato	Sakshandsamar:
Villreinnemnda for Setesdalsområdet	23.06.2022	Jarle Lunde

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

Behandling

Ingen merknad. Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

Vedtak

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 19/2022

Meldingar og diskusjonssaker

	Møtedato	Sakshandsamar:
Villreinnemnda for Setesdalsområdet	23.06.2022	Jarle Lunde

1. Nytt varamedlem frå Sirdal kommune
Miljødirektoratet oppnemnde 5. mai 2022 Siv Tone Åsemoen Bjunes som varamedlem i Villreinnemnda for Setesdalsområdet. Siv Tone Åsemoen Bjunes overtek etter Julie Olsen.

Forslag til vedtak

Saka blir teke til orientering.

Behandling

Ingen merknad. Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

Vedtak

Saka blir teke til orientering.



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 20/2022

Delegasjonssaker

	Møtedato	Sakshandsamar:
Villreinnemnda for Setesdalsområdet	23.06.2022	Jarle Lunde

Jamfør delegasjonsreglement for villreinnemnda 2020-2023 (vedteke 28.01.2020, sak 02/20) gir leiar og lokal representant uttale til lokale byggesaker/dispensasjonssaker i nasjonalt villreinområde og omsynsone villrein etter grenser i Heiplanen. Sekretær vurderer areal og byggesaker i villreinområde som ligg i bygdeutviklingssona.

Uttalar etter delegasjonsreglementet blir lagt fram som meldingssaker i førstkommande møte i arbeidsutval eller nemnd.

Følgjande uttalesaker er behandla sidan førre møte i nemnda (28.04.22) og er vedlagt saka.

1. Uttale til søknad om dispensasjon for frådeling av ny tomt til fritidsbustad, gnr. 3, bnr. 4 i Langeid, Bygland kommune
2. Uttale til sak 22/155. Om oppføring av to nye båtnaust som erstatning for to som skal rivast, og søknad for oppføring av «propanskap». Gnr.4, bnr.18 ved Gaukhei Turisthytte. Bygland kommune
3. Uttale til dispensasjonssøknad for oppføring nytt uthus ved eksisterande fritidsbustad på gnr. 31, bnr. 2 ved Furebuvatn i Årakshei, Bygland kommune

Forslag til vedtak

Sakene blir teke til orientering

Behandling

Ingen merknad. Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

Vedtak

Sakene blir teke til orientering



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Bygland kommune
Sentrum 18
4745 Bygland

Dato: 07.06.2022
Arkivkode: K2-L42
Dykkar ref. 7f0f6dce-5faa-4b5d-
a78a-f61a9993c711
Vår ref. 22/558-2
22/7327
Jarle Lunde

UTTALE TIL SØKNAD OM DISPENSASJON FOR FRÅDELING AV NY TOMT TIL FRITIDSBUSTAD, GNR. 3, BNR. 4 I LANGEID, BYGLAND KOMMUNE (sak 22/150)

Me viser til brev datert 07.05.2022 der Bygland kommune ber om høyringsuttale.

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Saka

Bygland kommune har motteke ein søknad om dispensasjon for frådeling av ny tomt til fritidsbustad, samt rammeløyve for oppføring av ny fritidsbustad på tomta.

Grunngjeving for å søke om dispensasjon er i hovudtrekk for at dotter til grunneigar skal få tomt og fritidsbustad. Det er ikkje lagt fram bygningsteikningar for fritidsbustaden, men det er opplyst at den skal byggast i samsvar med retningslinjer for bygging av fritidsbustader i LNF-område i kommuneplanen.

Forvaltning av villrein

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Me forvaltar dei siste livskraftige bestandane av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ei fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt. I 2021 blei for første gong villreinen oppført på raudlista i Norge med status nær trua.

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 /404 18 967
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no
Nettside: www.villrein.no/setesdal-nemnd/
www.suldal.kommune.no



Setesdal Ryfylke er eit av 10 villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde.

Planstatus

I 2013 blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent der omsynet til villreinen står sentralt. Planen fastsett ei klar grense for Nasjonalt villreinområde (NVO) og tek omsyn til villreinens arealbruk til ulike årstider. Oppdraget med å lage Heiplanen var gitt av Miljødepartementet for ha ei heilskapleg forvaltning av fjellområde som er særskild viktige for villreinen si framtid.

Tiltaket det søkast om ligg så vidt innafor nasjonalt villreinområde. I denne omsynssona skal villreinens interesser tilleggas stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling. I retningslinjene heiter det mellom anna at «*Nye fritidsbygg tillates ikke.*»

I «Hensynsone bygdeutvikling», som ligg like ved planlagt hyttepunkt (også innafor same eigedom), er villreinen sine interesser rekna å vere avklart ved at Heiplanen sine intensjonar og mål blir gjennomført.

Villreinen i området

Funksjonsområda i Setesdal Ryfylke villreinområde blei kartlagt i 2009, da som grunnlag for ny regional plan. I dette arbeidet ble biologisk leveområde, sommarbeite, vinterbeite, kalvingsområder og trekkområder kartlagt. I 2021/22 blei data gjennomgått og oppdatert i samband med kvalitetsnorm for villrein.

Det er ingen av dei merka dyra i GPS-merkeprosjektet (frå 2006) som har vore ved tiltaksområde, men noko lengre vest. Område her er rekna for å vere ofte i bruk av villreinen vinterstid.

Særleg viktig kan randområde vere for reinen i vintrar når klimaet gjer vinterbeite i meir sentrale delar av heia vanskeleg/utilgjengeleg.

Vurdering og konklusjon

Sikring av villreinens leveområde er eit nasjonalt mål. Ulike små tiltak vil kvar for seg ofte ikkje ha noko stor konsekvens for villreinen. Ser ein derimot på summen av tiltak over tid, kan den samla belastninga bli så stor at det ikkje er mogleg å nå forvaltningsmåla. Generelt er eit auka ferdselstrykk uheldig i forhold til villreinens arealbruk. Dette gjeld der hytta ligg, men og vidare i nasjonalt villreinområde.

Villreinemnda er opptatt av at ein skal følgje retningslinjene i Heiplanen. Dette er viktig for å få ein heilskapleg forvaltning og unngå ei bit for bit utbygging. I dette tilfelle ligg planlagt tiltak innafor nasjonalt villreinområde der Heiplanen er klar på at det ikkje er tillate med nye fritidsbygg.

Med bakgrunn i Heiplanen, og mogleg presendensverknad, vil me derfor rå til å seie nei til ei frådeling av ny tomt til fritidsbustad i nasjonalt villreinområde. Ein bør heller, saman med søkar, finne ei løysing i bygdeutviklingssona.

For Villreinnemnda

Knut Hagen
Leiar

Kai Larsen
Lokal representant

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Kopi til:

Agder fylkeskommune Postboks 788 Stoa 4809 Arendal
Statsforvalteren i Agder Postboks 504 4804 Arendal



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Bygland kommune
Sentrum 18
4745 Bygland

Dato: 13.06.2022
Arkivkode: K2-L42
Dykkar ref. 234a5ec3-42b7-4b15-85c1-6a608650c43a
Vår ref. 22/572-2
22/8166
Jarle Lunde

UTTALE TIL SAK 22/155. OM OPPFØRING AV TO NYE BÅTNAUST SOM ERSTATNING FOR TO SOM SKAL RIVAST, OG SØKNAD FOR OPPFØRING AV «PROPANSKAP». GNR.4, BNR.18 VED GAUKHEI TURISTHYTTE. BYGLAND KOMMUNE

Me viser til brev datert 12.05.2022 der Bygland kommune ber om høyringsuttale.

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Saksopplysningar

DNT sør har søkt om følgjande:

- Naust ved Gaukheivatnet som skal ha storleik ca 20 m² som er noko mindre enn dagens. Naustet blir plassert på dagens tomt og skal ha mønehøgde 3,4 m over terreng.
- Naust ved Mosvatn som skal ha storleik ca 14,5 m² som også er noko mindre enn eksisterande naust. Dette naustet er søkt flytta omlag 10 meter for å få betre byggegrunn. Mønehøgde på naust ved Monsvatn skal vere 2,9 m over terreng.
- Propanskap på ca. 1,7 m² og skal plasserast i tunet ved turisthytta og minst 30 m frå vatnet.

Tiltaket ligg i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR). Verneområdestyret har handsama saka i møte 2.5.2022 og har med heimel i Naturmangfaldlova og verneforskrift for landskapsområdet gjeve løyve til tiltaka på vilkår.

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 /404 18 967
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no
Nettside: www.villrein.no/setesdal-nemnd/
www.suldal.kommune.no



Forvaltning av villrein

Tiltaket ligg i Setesdal Ryfylke villreinområde. Dette er eit av 10 villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde.

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Me forvaltar dei siste livskraftige bestandane av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ei fragmentering av villreinen sine leveområde.

Villreinen er oppført på raudlista i Norge med status nær trua.

Kvalitetsnorm for villrein blei vedteke sommaren 2020. Målet med kvalitetsnorma er å beskrive tilstanden til villreinen, mellom anna gjennom eit trafikklys-system som seie oss om eit villreinområde har god (grøn), middels (gul) eller dårleg (raud) kvalitet. Resultata for dei nasjonale villreinområda blei framlagt i april 2022. Etter ei heilskapleg vurdering blei Setesdal Ryfylke klassifisert til dårleg kvalitet (rød). Målet er at minimum middels kvalitet skal nås snarast mogleg. På lengre sikt også god kvalitet. Årsaka til at villreinområde ikkje tilfredsstillar måla er samansett, men sentralt er at vegar og vasskraftutbygging i kombinasjon med ferdsel i utsette områder har stor negativ effekt på villreinens vandringsmoglegheiter.

Planstatus

I 2013 blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent der omsynet til villreinen står sentralt. Planen fastsett ei klar grense for Nasjonalt villreinområde (NVO) og tek omsyn til villreinens arealbruk til ulike årstider. Oppdraget med å lage Heiplanen var gitt av Miljødepartementet for ha ei heilskapleg forvaltning av fjellområde som er særskild viktige for villreinen si framtid.

Jfr. Heiplanen ligg tiltaka i sone nasjonalt villreinområde. I retningslinjene for denne sona heiter det blant anna at «*etablerte turisthytter og driftsbygningar kan moderniseres og forsiktig utvides når dette er nødvendig for vidare drift*». Villreinens interesser skal vurderast opp mot tiltaket.

Villreinen i området

Funksjonsområda i Setesdal Ryfylke villreinområde blei kartlagt i 2009, da som grunnlag for ny regional plan. I dette arbeidet ble biologisk leveområde, sommarbeite, vinterbeite, kalvingsområder og trekkområder kartlagt. I 2021/22 blei data gjennomgått og oppdatert i samband med kvalitetsnorm for villrein.

I følgje dette arbeidet ligg tiltaket i ein del av villreinområdet som er rekna for å vere ofte i bruk som vinterbeite. Som sommar og haustbeite er område noko i bruk, mest av bukk. Historisk blei området rundt Gaukhei brukt til kalving.

Villreinen nytta områda i større grad tidlegare. Dette må sjåast i samanheng med at bestandstorleiken har vore større. Ulike ferdselshindre lenger nord kan også spele ei rolle.

Vurdering og konklusjon

Sikring av villreinens leveområde er eit nasjonalt mål. Ulike små tiltak vil kvar for seg ofte ikkje ha noko stor konsekvens for villreinen. Ser ein derimot på summen av tiltak over tid, kan den samla belastninga bli så stor at det ikkje er mogleg å nå forvaltningsmåla. Villreinnemnda er derfor opptatt av at ein skal følgje retningslinjene i Heiplanen. Dette er viktig for å få heilskapleg forvaltning og unngå ei bit for bit utbygging.

I denne saka skal båtnausta erstatte eksisterande båtnaust som er i dårleg forfatning. Det vil såleis ikkje bli meir bygningsmasse i området. Propanbua skal settast opp i tilknytning til eksisterande bygg og er eit lite i areal. Utover sjølve byggeperioden vil bygga truleg ikkje føre til auka aktivitet og ferdsel i området.

Nemnda vurderer tiltaka som er planlagt som mindre endringar som ikkje vil kunne påverka villreinen nemneverdig. Nemnda vurderer tiltaket å vere innafor retningslinjene i regional plan.

For Villreinnemnda

Knut Hagen
leiar

Kai Larsen
lokal representant

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Kopi til:

Agder fylkeskommune Postboks 788 Stoa 4809 Arendal
Statsforvalteren i Agder Postboks 504 4804 Arendal



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Bygland kommune
Sentrum 18
4745 Bygland

Dato: 13.06.2022
Arkivkode: K2-L42
Dykkar ref. 70d59419-ce65-4656-
ad93-6c9308cd0443
Vår ref. 22/579-2
22/8163
Jarle Lunde

UTTALE TIL DISPENSASJONSSØKNAD FOR OPPFØRING NYTT UTHUS VED EKSISTERANDE FRITIDSBUSTAD PÅ GNR. 31, BNR. 2 VED FUREBUVATN I ÅRAKSHEI, BYGLAND KOMMUNE

Me viser til brev datert 12.05.2022 der Bygland kommune ber om høringsuttale.

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Saksopplysningar

Bygland kommune har motteke ein søknad om dispensasjon for oppføring av nytt uthus ved eksisterande fritidsbustad på gnr. 31, bnr. 2 ved Furebuvatn i Årakshei. Nytt uthus skal ha ei grunnflate på ca 7,9 m², mønehøgde 3 meter og skal plasserast 12 m aust for eksisterande fritidsbustad.

Gjeldande plan for området er kommuneplanen og området er regulert til LNF-område. Det søkjast om dispensasjon for å ha tilstrekkelig lagerplass til ved og liknande.

Forvaltning av villrein

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Me forvaltar dei siste livskraftige bestandane av den opphavelege ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ei fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 /404 18 967
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no
Nettside: www.villrein.no/setesdal-nemnd/
www.suldal.kommune.no



Setesdal Austhei er eit av 10 villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde.

Kvalitetsnorm for villrein blei vedteke sommaren 2020. Målet med kvalitetsnorma å beskrive tilstanden til villreinen, mellom anna gjennom eit trafikklys-system som seie oss når eit villreinområde har god, middels eller dårleg kvalitet. Resultatet for dei nasjonale villreinområda blei framlagt i april 2022. Etter ei heilskapleg vurdering oppnådde Setesdal Austhei minstemålet for norma med middels kvalitet (gul).

Villreinen er oppført på raudlista i Norge med status nær trua.

Planstatus

I 2013 blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent der omsynet til villreinen står sentralt. Planen fastsett ei klar grense for Nasjonalt villreinområde (NVO) og tek omsyn til villreinens arealbruk til ulike årstider. Oppdraget med å lage Heiplanen var gitt av Miljødepartementet for ha ei heilskapleg forvaltning av fjellområde som er særskild viktige for villreinen si framtid.

Jfr. Heiplanen ligg eksisterande fritidsbustad i grensa mellom bygdeutviklingszone og nasjonalt villreinområde. Nytt uthus er planlagt plassert i nasjonalt villreinområde. I denne omsynssona skal villreinens interesser tilleggas stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling. I retningslinjene heiter det mellom anna

- *I alle saker skal villreinens interesser vurderes opp mot planen/søknaden/tiltaket, Oppdatert villreinkunnskap skal ligge til grunn for vurderingene.*
- *Det kan gis tillatelse til å bygge et mindre frittstående uthus.*

I «Hensynsone bygdeutvikling» er villreinen sine interesser rekna å vere avklart ved at Heiplanen sine intensjonar og mål blir gjennomført.

Villreinen i området

Funksjonsområda i Setesdal Ryfylke villreinområde blei kartlagt i 2009, da som grunnlag for ny regional plan. I dette arbeidet ble biologisk leveområde, sommarbeite, vinterbeite, kalvingsområder og trekkområder kartlagt. I 2021/22 blei data gjennomgått og oppdatert i samband med kvalitetsnorm for villrein. I følge dette arbeidet ligg tiltaket i ein del av villreinområdet som er rekna for å vere i sporadisk beitebruk av villreinen sommar og haust.

Det er ingen av dei merka dyra i GPS-merkeprosjektet (frå 2006) som har vore ved tiltaksområde.

Vurdering og konklusjon

Sikring av villreinens leveområde er eit nasjonalt mål. Ulike små tiltak vil kvar for seg ofte ikkje ha noko stor konsekvens for villreinen. Ser ein derimot på summen av tiltak over tid, kan den samla belastninga bli så stor at det ikkje er mogleg å nå forvaltningsmåla. Villreinnemnda er derfor opptatt av at ein skal følgje retningslinjene i Heiplanen. Dette er viktig for å få heilskapleg forvaltning og unngå ei bit for bit utbygging.

I denne saka er det snakk om eit mindre uthus til lagring av ved og liknande. Området er i sporadisk bruk av villreinen i barmarksesongen. Nemnda vurderer tiltaket å vere innafor retningslinjene i regional plan.

For Villreinnemnda

Knut Hagen
leiar

Kai Larsen
lokal representant

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Kopi til:

Agder fylkeskommune Postboks 788 Stoa 4809 Arendal
Statsforvalteren i Agder Postboks 504 4804 Arendal



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 21/2022

Handsaming av klager på vedtak om oppdatering og godkjenning av vald, Setesdal Ryfylke villreinområde

	Møtedato	Sakshandsamar:
Villreinnemnda for Setesdalsområdet	23.06.2022	Jarle Lunde

Vedlegg (innkalling)

- 1) Eivind Berg: Klage på vedtak til oppdatering av valdkart for SE-32 i Valle
- 2) Dreng Moi: Klage på vedtak om oppdatering og godkjenning av vald, Setesdal-Ryfylke villreinområde: Klaga gjeld for valdet Bygland SR-48 og SR-49 Moi, gardsnummer 12 i Bygland kommune.
- 3) Villreinnemnda for Setesdalsområdet: Sak 11/2022: Oppdatering og godkjenning av vald, Setesdal Ryfylke villreinområde

Saksopplysningar

Kva saka gjeld

Villreinnemnda for Setesdalområdet vedtok 28.04.2022 i sak 11/2022 ei oppdatering og godkjenning av alle vald i Setesdal Ryfylke villreinområde. Bakgrunnen for saka var at dagens vald og teljande areal er frå eit arbeid som vart gjort i kommunane på 90-talet og at det lenge har vore eit ønskje om å få utarbeida betre og oppdaterte kart/data over godkjente villreinvald.

Saka har involvert valdansvarlege ved at desse har dokumentert data omkring valdet. Etter bearbeiding av data, og før saka blei lagt fram for vedtak i Villreinnemnda blei saka sendt til valdansvarlege for eventuelle rettingar og merknadar.

Vedtaket er påklaga av

1. Eivind Berg, valdansvarleg for Valle SR38 (tidlegare Valle SE32 Åmli og Berg).
2. Grunneigarane for Gnr 12 i Bygland kommune ved Dreng Moi, valdansvarleg for Bygland SR48 og SR49 (tidlegare Bygland SE-58,1)

Villreinnemnda skal i denne saka ta stilling til om ein skal endre eller oppretthalde tidlegare vedtak. Dersom vedtak blir oppretthalde blir saka oversendt Miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

Samandrag av klaga frå grunneigarane for Gnr 12 i Bygland kommune ved Dreng Moi

- Klaga gjeld for valdet Bygland SR48 og SR49 (tidlegare Bygland SE-58,1). Bakgrunn for klaga gjeld reduksjonen av teljande areal frå 14000 til 5027 dekar. Klaga går på at dokumentert areal på 12340 mål i SR48 og SR49 må godkjennast som teljande areal. Dette er vist i kart.
- Kartfesting av biologisk leveområde for villreinen er ikkje noko eksakt vitskap. Grensa for biologisk leveområde og rapporten NVS 6/2010 gir oss ikkje noko komplett oversikt over villreinens arealbruk.
- Det blir vist til observasjonar av store flokkar med villrein i aktuelt område på 1960-talet, men og observasjonar frå nåtid. Her er og kulturminne knytt til villrein (bogastille og ledegjerde). «*At våre kulturhistoriske minne og jaktregistreringar ikkje blir sett på som viktig dokumentasjon, er for oss vanskeleg å forstå*».

Samandrag av klaga frå Eivind Berg

- Klaga gjeld for valdet Valle SR38 (tidlegare Valle SE32 Åmli og Berg)
- Ber om at grensa for tidlegare SE32 justerast/utvida mot aust. Område er kartfesta. Det blir vist til at dette er eit område villreinen nyttar. Meiner det derfor tilfredsstillar §23 i Hjorteviltforskrifta: «*Villreinnemnda kan godkjenne skogområder som brukes regel messig av villrein som tellende areal.*»
- Område i det søraustre hjørnet går under namnet Åmli fjellmark (vist på kart). Dei kartfastsatte grensene her samsvarar ikkje med det grunneigarane «*alltid har visst hvordan er*». Det er derfor kravd ei sak for Jordskifteretten for å formelt få fastsatt grensa mot fellesområda for 55-56/1. «*Vi betrakter derfor grensen for SE 32 på denne strekningen som foreløpig og forutsetter at den kan justeres iht utfallet av jordskiftet.*»

Formelt grunnlag

Forskrift om forvaltning av hjortevilt, § 26 GODKJENNING OG ENDRING AV VALD, gir heimel til at «*Villreinnemnda kan til enhver tid trekke godkjenningen av hele eller deler av valdet tilbake og kreve at det fremmes ny søknad dersom rettighetsforhold som har betydning for godkjenningen av valdet er uklare. Villreinnemnda kan også kreve at opplysningene som er gitt i søknaden bekreftes eller dokumenteres på nytt.*»

Det visast også til

- § 23. Tellende areal for villrein
- § 24. Krav til Opprettelse av vald for jakt på villrein
- § 25. Søknad om godkjenning av vald
- § 36 Klageadgang

Vurdering

Klaga er skriftleg og framsett av valdansvarleg. Klagar er part i saka.

Melding om vedtak vart sendt ut den 03.05.22. Begge klager blei motteke innan 3 veker.

Klage er vurdert til å ha kome inn i rett tid og innan klagefristen.

Vilkår for å handsame klage er vurdert til å vere til stades.

Innhald i klage; areal innafor definert villreinområde

I klaga viser Berg til at Åmli fjellmark ikkje er blitt godkjent teljande areal og at det er krevd ei sak for Jordskifteretten for å formelt få fastsatt ei grense her. «Vi betrakter derfor grensen for SE 32 på denne strekningen som foreløpig og forutsetter at den kan justeres iht utfallet av jordskiftet.»

Dette punktet oppfattast ikkje som klage, men heller som ei orientering. Sekretariatet er samd i at denne grensa kan justerast etter jordskifte. Dette må skje etter ny søknad (og vurdering) om endring av vald.

Innhald i klage; areal utanfor definert villreinområde

Begge klager gjeld valdareal som ein meiner skulle vore inkludert som teljande areal. For valdet i Bygland er det eit relativt stort område sett i forhold til kva som blei godkjend som teljande areal. For valdet i Valle gjeld det eit mindre areal.

Det blir vist til at § 23 i hjorteviltforskrifta som seier at «Villreinnemnda kan godkjenne skogområder som brukes regel messig av villrein som tellende areal.» For begge vald blir det vist til observasjonar av villrein i dei aktuelle områda. I Bygland er det og eldre kulturminne knytt til villrein.

Ein stad må kartgrensa gå for kva ein definerer som teljande areal og det er viktig at ein har ein einsarta praksis for kva som blir godkjent. Etter drøftingar og dialog med Setesdal Ryfylke villreinlag blei det lagt fram ei sak for villreinnemnda i 2017 (sak 27/17) som gav føringar for det vidare arbeidet, blant anna: «Som yttergrense for teljande areal er biologisk leveområde for villreinen slik det blir lagt fram av Miljødirektoratet (naturbase)». Dette blei gjort kjent for valdansvarlege ved innhenting om dokumentasjon om valdet.

Det er viktige skogsareal for villreinen i Setesdal Ryfylke. Dette er område som er inkludert i det faglege arbeidet (NVS rapport 6/2010) med å kartlegge villreinen sitt biologiske leveområde. I dette arbeidet blei det nytta kvalitative (intervjubarerte) og kvantitative (GPS-merka rein) data. Grensene er forankra lokalt gjennom eit tett samarbeid med kommunane og vidare med lokale rettighetshaverar eller organisasjonar av disse.

Som det blir sagt i klage, dette arbeidet gir ikkje ein fasit. Det er derfor heller ikkje overraskande at det er observert villrein utanfor definert leveområde. Det er likevel det beste kunnskapsgrunnlaget me har i forhold til ein einsarta praksis for kva som blir godkjent som teljande areal.

Jamfør dyreposisjonar.no er det ingen av dei merka dyra i Setesdal Ryfylke som har vore i dei aktuelle områda.

NINA har nyleg lagt fram ei klassifisering av dei nasjonale villreinområda etter kvalitetsnorm for villrein. Også her har ein nytta definert biologisk leveområde som utgangspunkt for arbeidet.

Konklusjon

Før saka blei lagt fram for vedtak i Villreinnemnda 28. april, blei saka sendt alle valdansvarlege slik at ein kunne komme med eventuelle rettingar og merknadar. Klagar kom då med merknadar som svarar det som er fremma i klaga. Desse er lagt til grunn og kommentert i saksframlegg til saka (11/2022). Dei er vidare vurdert ovanfor.

Med bakgrunn i dette kan sekretariatet ikkje sjå at det i klage har kome inn nye moment som gir grunnlag for å endre på politisk vedtak, sak 11/2022.

Forslag til vedtak

Villreinnemnda kan ikkje sjå at det er kome inn nye moment som gir grunnlag for å gjere om på vedtak av 28.04.22, sak 11/2022.

Klaga frå

1. Eivind Berg, valdansvarleg for Valle SR38 (tidlegare Valle SE32 Åmli og Berg), datert 23.05.22
2. Grunneigarane for Gnr 12 i Bygland kommune ved Dreng Moi, valdansvarleg for Bygland SR48 og SR49 (tidlegare Bygland SE-58,1), datert 24.05.22

vert ikkje teke til fylgje.

Villreinnemnda for Setesdalsområdet opprettheld sitt vedtak.

Saka vert sendt over til Miljødirektoratet for vidare handsaming.

Behandling

Ingen merknad. Samrøystes i samsvar med framlegg til vedtak

Vedtak

Villreinnemnda kan ikkje sjå at det er kome inn nye moment som gir grunnlag for å gjere om på vedtak av 28.04.22, sak 11/2022.

Klaga frå

1. Eivind Berg, valdansvarleg for Valle SR38 (tidlegare Valle SE32 Åmli og Berg), datert 23.05.22
2. Grunneigarane for Gnr 12 i Bygland kommune ved Dreng Moi, valdansvarleg for Bygland SR48 og SR49 (tidlegare Bygland SE-58,1), datert 24.05.22

vert ikkje teke til fylgje.

Villreinnemnda for Setesdalsområdet opprettheld sitt vedtak.

Saka vert sendt over til Miljødirektoratet for vidare handsaming.



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Sak 22/2022

Eventuelt

Påmelding til Heiplansamlinga/Haustmøte

Jarle minna om at dei som ikkje har meldt seg Heiplansamlinga, må gjere dette.

Møtegodtgjøring

Semje om

- 1 timar for møte

- 2 timar for møteførebuing

Reiserekning, utgiftsrefusjon og honorar for honorarmottakarar, sjå her:

<https://dfo.no/kundesider/reiseregning-utgiftsrefusjon-og-honorarer-for-honorarmottakere>

Bruk lønnart 5534 Honorartimer i DFØ appen

Satser utvalg	2021		2022
LEDER	643		660
MEDLEM	486		499
Møteforberedelse leder	486		499